



Charollais - fem år i Norge

Forfatter

Inge Midtveit, Animalia

Sammendrag

Etter embryoimporten i 2005 og sædimporten siste åra byrjar no charollaisrasen å vise seg på slakteria. Det er i løpet av 2010 og så langt i 2011 slakta 541 lam etter kåra charollaisverar. Desse lamma hadde eit gjennomsnittleg slakteresultat på 21,6 kg, U- og 2+. Med tanke på at charollais framleis er ein svært liten populasjon her i landet, er dette oppløftande for rasen. Det blir derfor spennande å sjå korleis rasen presterer i åra framover.

Publisert

2011

Referanse

Sau og Geit nr. 5/2011

Utskriftsdato

07.02.2023 www.fag.nsg.no

Charollais

– fem år i Noreg

Etter embryoimporten i 2005 og sædimporten siste åra byrjar no charollaisrasen å vise seg på slakteria. Det er i løpet av 2010 og så langt i 2011 slakta 541 lam etter kåra charollaisverar. Dette lamma hadde eit gjennomsnittleg slakteresultat på 21,6 kg, U- og 2+.

Data stammar frå Sauekontrollen og omfattar krysningslam med kåra charollaisfar og mor av alle andre rasar enn charollais. Rasegruppa kjøttsau utgjer ein stor del av søyematerialet, men skilnaden om ein tek ut desse to rasane (Nor-X og texel) er ikkje veldig stor (20,7 kg, R+ og 2+). Resultata indikerer at det er lønsamt å bruke charollais som farrase, men for å kunne konkludere sikkert må ein sjå på eit større datamateriale. I ei slik vurdering hadde det også vore interessant å samanlikne resultata for alle kjøttrasane som blir brukt til bruksdyrkryssing.

Lette lammingar

Charollais er kjend for lett lamming på grunn av smale bøger og lite hovud. Denne eigenskapen er også registrert av norske sauebønder. Lamma er kvikke og raske på beina og treng derfor lite hjelp etter lamming. I Noreg



Søyelam med god lengde og kjøttfylde.



Kortare ull og smekre bein er noko av skilnaden mellom NKS og charollais. Her ein noko tynn risbitver av charollaisrasen og ein vaksen NKS-ver.

er rasen brukt på gamalnorsk sau med godt resultat. Dette er også vanleg i Storbritannia der den på grunn av lette lammingar ofte blir valt som kjøttrase på dei små og lette «hill»-rasane. Søyelamma av desse kryssingane blir no meir og meir brukt som morrase, fordi dei er lettare og meir fruktbare enn dei tradisjonelle «mule» kryssingane.

Tunge slakt - lite fett

Datamaterialet vårt indikerer at krysningslamma med charollaisfar er ganske tunge, men likevel magre. Dette er kanskje den eigenskapen ved ein kjøttrase som i størst grad påverkar økonomien i sauehaldet og særleg i områder med gode beiter eller lang beitesesong.

Indeks

Søker ein i avlsdatabasen er det få charollaisverar å finne, men to av dei det er importert sæd etter kjem ganske langt opp på lista for rasegruppa kjøtt-

sau. Med tanke på at dei har ein svært liten familie her i landet, er dette opp- løftande for rasen. Det blir derfor spennande å sjå korleis rasen presterer i åra framover.

Tekst og foto: Inge Midtveit



Charollaissoye.